


Fitjar Kyrkjeblad

nr. 6 — desember 2014 — 37. årgang



God Jul!

Foto:
Torbjørn
Hovland



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontoret

postboks 10,
5418 Fitjar

telefon: 53 45 85 00

fax: 53 45 85 31

e-post: kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag

kl.10:00 - 14:00

onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje

Rydland, Harald 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest

Oma, Olav J. 906 38 825

olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydsprest

Imazu, Nobukazu 909 38 165

noim@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog/kyrkjetenar

Brenne, Birgitte D. 971 29 569

bibr@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aarskog, Torunn 404 04 146

Soknerådsbarnehage Styrar

Aarskog, Torunn 404 04 146

kontor 53 22 26 00

bakken.barnehage@haugnett.no

Kyrkjelydsprestestilling

kontonr. 3546. 29. 05805

Fitjar kyrkjeblad

kontonr. 3546. 30.13568

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gode meldingar

Olav J. Oma



Om det er advent eller ikkje. Det kjem meldingar du ikkje har spurd etter eller vil ha. Dei kjem både munnleg og skriftleg, på telefon og data.

Eg las i avisa om Helge Gudmundsen som har ansvaret for andaktane på NRK. Dette har han arbeidd med i 28 år, sørgja for at, trass i motstand frå ulike hald, så er framleis livssynprogram ein del av sendeflata til Riksringkastinga. Gudstenester, andakter, «Salmeboka minutt for minutt», samtalar om tru og tvil, alt dette høyrer med i radio og tv. Helge Gudmundsen er ansvarleg for alt dette men sa då han vart intervjuva i Vårt land 24. november:

«Han legger ikke skjul på at jobben med andaktene ikke bare har vært seilas i solgangsbris.

– Av og til har jeg vært motløs og hatt lyst til å slutte. Jeg har grått mine tårer.

– Hva har vært tyngst?

– Kristenfolket er ikke alltid de som oppmuntrer. Sist påske fikk jeg en telefon fra en lytter som ville minne meg om hvordan det gikk med Judas. Og etter et program hvor jeg hadde en humanetiker som gjest, fikk jeg høre: «Hadde din far visst hva du holder på med, ville han angret på at han satte deg til verden». Disse og andre utrolig råtne angrep, er det blitt en del av i årenes løp.»

Det er alltid vondt når menneske ikkje behandlar kvarandre skikkeleg. Men her er det ei direkte melding om at eg som kristen er den som gir dei styggaste meldingane. Det vil eg slutta med. Sjølv har eg fått den finaste meldinga som tenkast kan, det er den som jula kjem med. Gud gir sin eigen son i hendene mine, og seier 'så glad er eg i deg at eg gir deg det finaste eg veit'.

Eg vil øva meg i å gi andre gode meldingar attende, for Gud har gjeve dei like mykje som han har gjeve meg. ...dette er kjærleiken, ... at Gud har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar òg vi å elska kvarandre.(1 Joh 4,10-11)

I gamledagar stod det og i bibelen: *kappes om å hedre hverandre!* (Rom 12,10) Kanskje skal vi øva oss på det i denne adventstida, gi kvarandre meldingar som skapar glede?

Med ynskje om ei God Jul!



Min salme - Ole Bergesen: "Fager kveldsol smiler"

Eg vart litt overraska når eg fekk spørsmål om å skriva i Kyrkjelydsbladet om min salme! Faktisk så overraska at eg sa ja. Eg er ikkje den personen som går mest i kyrkja, men det blir alltid nokre besøk i anledning barnedåpar, konfirmasjonar, bryllaup, gravferder og andre ting eg er involvert i!

Eg er jo vaksen opp i ein kristen heim der bedehusbesøk og kyrkjebesøk var flittige. Barnetrua har eg ivaretatt: Eg føler gjennom den at eg har ein trygghet og trøst som eg, så godt eg kan, formidlar vidare til mine born. Eg føler det handlar om medmenneskelegdom og medkjensle med dei personane ein omgås i kvardagen.

For meg står kyrkja sterkt. Til eldre eg blir, dess meir set eg pris på kyrkja og den tydinga den har i eit lokalsamfunn. Gleda av å sjå ein barnedåp, ein konfirmasjon, dei tradisjonsrike rituala, er for meg svært viktige og verdifulle. Men den seremonien som eg set aller høgast, sjølv om den er knytt opp mot sorg og sagn, er gravferda. Det er då ein ser verdien av å bu i ei bygd der dei fleste kjenner veldig mange. Samlinga i sorga, fellesskapet, respekten for dei sørgjande, kjensla av å vera ein del av avskjeden. Som oftast svært mange folk samla. Noko som syner at ein bur i ei bygd der folk bryr seg om kvarandre. Sterkast for meg, og her kjem salmen inn, er siste farvel ved båra ute på gravplassen. Då ein finn fram arket med songar og syng «Fager kveldsol smiler»! Gjerne litt gråtkvelt, (eg blir lett rørt) skingrande, utan musikk til, nakent og fint, samtidig sorgtungt og samlande.

«Fager kveldsol smiler» var også fast avslutningssong i siste time på skulen før me sprang heim. Den gong var det lite følelsar i sving, men meir tempo for å bli ferdig. Ein god salme skal være slitesterk. Innhaldet bør kunne repeterast gong på gong og likevel ha meining. «Fager kveldsol smiler» har nettopp alt dette. Teksten i songen er flott, skildrande og gjer ein indre ro. Ganske enkelt ein flott avslutning og farvel.



Fager kveldsol smiler

NoS nr 817

Norsk tekst:

Peter Hognestad (1904)

*Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.*

*Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
Høyr kor sterkt det susar
i den stille kveld!*

*Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.*

*Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg ein gong blundar
i Guds faderarm.*

Redaksjonelt

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt
informasjonsblad.

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset
postboks 10, 5418 Fitjar

Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)
Nobukazu Imazu
Karvel Strømme
Torill Hartvedt
Anne Hardeland
Rolf-Atle Rolfsnes

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet
gir høve til skattefradrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 2. feb.
til kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad

kjem etter planen 12. feb. Har du tips, stoff eller bilete til bladet,
er du velkomen til å senda det til oss.

Trykk: Prosjektkopi vest

Bønn for kristen enhet



Lørdag 22. november ble det holdt en bønnegudstjeneste for kristen enhet i Fitjar kirke. Jeg vil beskrive denne dagen som en stor historisk dag i Fitjar kirke: to lutherske prester hadde bønnegudstjeneste med en katolsk prest. En ortodoks prest var også tilstede. Antagelig var det første gang etter reformasjonen at en katolsk prest var med på gudstjeneste i Fitjar kirke.

Nobu

Kong Håkon den Gode var en kristen som bodde på kongsgarden på Fitjar. For ham var kirken en enhet fordi han tilhørte den universelle kirken før den ble delt i to kirker i 1054, den ortodokse kirke og den katolske kirke. Vår lutherske kirke ble dannet som en fornyelsesbevegelse innenfor den katolske kirke. Egentlig er kirken en enhet, men det er blitt så mange kirker i kirken spesielt på grunn av historiske sammenhenger. Jeg vet ikke om det er berikelse eller ødeleggelse for vår tro, men vil minne dere om at Jesus ber for kristen enhet (Joh. 17, 21): Må de alle være ett, slik du, Far, er i meg og jeg i deg. Derfor mener jeg at det er nødvendig for kirken å be for kristen enhet samlet. I Fitjar kommune er vi nå blitt mange innbyggere fra mange ulike land, særlig fra Øst- og Sentral-Europa. Både katolsk og ortodoks kristendom preger det kristne livet i disse områdene.

Vi ville gjerne invitere katolske og ortodokse kristne til Fitjar kirke

I forbindelse med kommunens internasjonale helg. Da tenkte vi også på å invitere deres prester på en bønnegudstjeneste for kristen enhet. Derfor kom fader Dmytro fra Kristi åpenbaringskirke (ortodoks) og fader Piotr fra St. Paul kirke (katolsk) hit.

Det var en flott stund for oss som var i kirken denne dagen. Mange ulike språk ble brukt under gudstjenesten og flere ulike nasjonaliteter samlet seg i kirken. Både fader Dmytro og fader Piotr syntes at det er stor ære for dem å komme til Fitjar kirke og delta i kommunens viktige arrangement.

Ordfører Wenche Tislevoll, kultursjef Bente Bjelland og Ellinor Bergesen fra frivilligsentralen som sitter i komiteen for Internasjonal helg var med i gudstjenesten. Jeg tror at fader Dmytro og fader Piotr likte å bli kjent med de tre sentrale kvinnene i kommunen!

Da jeg drakk kaffe med de to prestene på Cafe Annemor etter smaksprøve av internasjonal mat hos Larsen, sa fader Dmytro: Nobu, Fitjar er en kjempegod kommune! Du er så heldig som bor her!

Salmeboka minutt for minutt



Tekst: Olav J. Oma

Foto: Kjetil Rydland

Ingeborg Moræus Hanssen vart intervjuua på tysdag. Ho fekk spørsmålet: "Hva overrasket deg mest siste uken? Salmeboken minutt for minutt. Jeg ble helt hekta. Det var det siste jeg så før jeg sovnet og det jeg våknet til. Søndag morgen satt jeg i sengen med salmeboken og sang med. (VL 2.12)"

Vi var mange med henne. Fitjar kyrkje var open store deler av helga, og vi gledde oss over å sjå Osternes mannskor på skjermen frå Trondheim, og elleve menneske var benka til frukost etterpå i kyrkja. Strålende tiltak.



Fader Dmytro og fader Piotr saman med Nobu og Olav på kyrkjetrappa

Galleri
Flora as



Opningstider:

Måndag - onsdag 09.00 - 16.30

Torsdag - fredag 09.00 - 18.00

Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner

Mamma Maggie i Bakken barnehage

Nobu

Stefanusalliansen støtter Mamma Maggie som står bak et stort arbeid blant koptere på «søppelfjellet» i Kairo, Egypt. Det handler om å gi barn og unge hjelp og støtte til utdanning, et sosialt nettverk og ballast til å klare seg i fremtiden. Barnehager og hjemmebesøk til fattige familier står sentralt i arbeidet. Hun grunnla «Stephen's Children». Tusenvis av barn og deres familier får helsesjekk, mat og skoletilbud. I 2012 driver organisasjonen arbeid i hele Egypt og i Darfur i Sudan. Organisasjonen har 1 500 fulltidsansatte, hvorav rundt halvparten jobber i organisasjonens barnehager og de fleste resterende jobber med hjemmebesøk. Hun har vært nominert til Nobels Fredspris flere ganger, senest i 2012.

Med seg på turneen rundt Norge i november har Mamma Maggie salmeprest og Egypt-venn Eyvind Skeie og Stefanusalliansens tidligere generalsekretær Bjørn A. Wegge. 6. november besøkte Mamma Maggie Bakken

barnehage som støtter hennes arbeid og har vennskapsbarnehager i Egypt. Personell fra barnehagen har besøkt henne i Egypt. Det ble stor begeistring blant barna da hun hilste på henne. Hun gjorde et sterkt inntrykk på oss da hun bøyde seg og kysset jorda, mens hun sa: *I want to kiss the ground under your feet, for you are so precious.*

Les mer om Stefanusalliansen:
<http://www.stefanus.no>





Mamma Maggie saman med Bjørn A. Wegge (t.v.) og Eyvind Skeie.

Landsbyprestar i skjemt og alvor

Forventninga var til å ta og føla på då ei fullsett kyrkje var invitert til å tilbringa ein temakveld saman med dei fire prestane som bur i bygda vår.

Tekst: Anne Hardeland

Foto: Håkon C. Hartvedt


«Me er alle ulike, og no skal me få bidra med det me synest er gøyast», innleia sokneprest Olav Oma med. «Og eg har alltid hatt lyst å syngja i rockeband». Saman med eit band beståande av Dagfinn Brekke på gitar, Steinar Vik på trommer og Harald Rydland på orgel, fekk han det til å svinga skikkeleg med kjende Bjørn Eidsvåg-songar mellom dei andre prestane sine innslag. Vakre tonar og tekstar framført med innleving. Først ut var songen «Bønn for sikre prestar». Som bakgrunn for songen « En dag» (skal rettferdigheten seire), gav han oss også eit interessant innblikk frå 80-talet i Trondheim, der solidaritet, ANC, Nelson Mandela og apartheid var på programmet. Her fekk bandet fram skikkeleg rocke-sound med eminent gitarsolo, så det ljoma i kyrkjerommet.

Ungdomspresten Nobu Imazu, som kom til Fitjar frå fjellvandringar i Ørsta, fortalde med humor og sjølvironi om overgangen frå fjell til sjø, og om padling med unge og eldre i skjærgarden. Han viste bilete og videosnuttar om alt frå kajakk i kyrkja, «rulling i prestekjole» til «rock-hopping» mellom steinar og skjær. Med seg hadde han fire ungdomar, Marlin Tislevoll, Amalie Henriksen, Thomas Koløen og Magnus Helland, som snakka om gleda ved å padla.

Når Nobu no reiser frå bygda, ville han understreka kor viktig det er å byggja eit godt ungdomsmiljø. «Alle ungdomane i Fitjar er greie og ressurssterke. Ta vare på dei vidare!» avslutta han.



Pensjonisten i gruppa, Herman Inge Aadland, tok oss med i humor og komikk langs prestevegen. Artige historier, sjølvopplevd og frå andre, fortalt med kjærleik og stor respekt. Latteren i publikum sat laust, ikkje minst då kronprinsesse Märtha vart «balsamert og lagt i ein saksofan» eller då Jesusbarnet vart «sveipt og lagt i ei krukke». Han var også innom kostelege hermer etter gamledoktoren Emil Moe. Herman Inge oppmoda oss alle til å pussa støvet av livets muntre smil og skattar og ta vare på dei. Han minna oss om at Gud kjenner oss alle, med våre oppovertrapper





og dystre nedovertrapper, og Han vil gje oss tilgjeving og fred.

Med oss fekk me enno ein skatt, eit innhaldsmetta ord frå 2.Korinterbrev 8-9, å reflektera og grunna over i adventstida: «De kjenner vår Herre Jesu Kristi nåde, at han for dykkar skuld vart fattig då han var rik, så de ved hans fattigdom skulle bli rike.» Avslutningsvis delte han med oss frå Edvard Hoem sitt dikt: «Vente, vente Herrens time».

Etter Eidsvågsongen «Eg komme», vakkert framført av Olav, sto bømloprest Roald Drønen for tur. Han hadde invitert med seg

til samtale tidlegare rektor ved Rimbareid skule, Svein Kåre Meling, som no har flytta attende til heimlassen sin på Bømlø etter 39 år i Fitjar. Det vart ei spennande reise frå barndomsminne, oppvekst i Sønstabøvågen, til djup refleksjon over dei store spørsmåla i livet. Me fekk oppleva eit fint samspel, der Roald gjennom spørsmåla sine leia samtalen frå det eine viktige temaet til det andre.

Svein Kåre opplevde seg sjølv som ein «undrar», og det var mykje i Bibelen han plasserte i «undringsboksen». Sidan me ikkje kan gripa Gud, vert han diffus for oss, og det er lett å ta han til inntekt for eige syn. Det finst



mange døme på kor feil det kan gå når ein påberopar seg å kjenna Guds vilje. Men Jesus hadde Svein Kåre eit avklart forhold til: «Han er konkret, han har levd, og alle som har gått i norsk skule veit kva han står for. Erkebiskopen i Canterbury har i si tid sagt «Bergpreika er nok for meg!» Og det er nok for meg og. Den gyldne regel - gjer mot andre det du vil andre skal gjera mot deg - er god å ha med seg.» Av og til i vanskelege situasjonar spør han seg sjølv kva Jesus ville gjort no, og brukar det som rettesnor for sine valg. Han trur det er eit behov hos menneska å ha noko å støtta seg til utanfor ein sjølv.

På spørsmål om det var noko han angra på i livet, fortalde han at den siste tida foreldrene levde var ei tid med stort arbeidspress og mykje å tenkja på, og han følte at han ikkje hadde besøkt foreldrene så ofte som han skulle ha gjort. Så hans budskap til oss denne kvelden var: «Les Bergpreika og besøk foreldra!» Me takkar Roald for at han let oss møta ein open, audmjuk og reflektert mann som hadde mange gode tankar å dela med oss. Og som var trygg i det han trudde på.

Den tankevekkjande songen «Klovnar», som Eidsvåg skreiv medan han jobba på psykiatrisk sjukehus, og som handlar om prestane sin rolle i møte med menneska, gav Olav oss ei fin tolkning av. Nobu fortalde oss så om sitt møte med Trygve Bjerkrheim, ein då aldrande dement mann, der trua framleis var klår og sterk. Og dei fire prestane avslutta den to timar lange hugnadsstunda med å syngja hans mest kjende salme: «Han tek ikkje glansen av livet».

Ein strålande kveld saman med dei gode og talentfulle prestane i bygda vår. Programmet spende frå ellevill naturglede og kjærleik til ungdomane til fengjande rocketonar med seriøse tekstar, frå lun humor og latter ispedd gode ord og til djuptpløyande samtale om eksistensielle og religiøse spørsmål.

Stor takk til dei alle for ein flott opptakt til adventstida!



Vente, vente Herrens time

Edvard Hoem

Vente, vente Herrens time,
barn, som no blir til i meg.
Mine hender grip all verda
når eg stryk og kjenner deg!
Vente, vente heilt aleine
styrer du mot denne verd.
Bur i meg bak fjerne himlar,
er ein annan, er meg nær!

Vente, vente, livets under
skjedde i ein stall ein gong,
gjetarar som sov på marka,
hørde englane som song.
Korleis kunngjer Gud sin
kjærleik
slik at mennesket forstår?
I ein fattig fødselstime
ser vi kvar hans vegar går.

Ingen kjenner Gud i verda
før det store under skjer:
Gud tar på seg barneskapnad.
Derfor veit vi kven han er!
Vente, vente, la meg vake
når det sparkar bak mi hud:
Snart kjem barnet, blodig,
nake:
Barnegråt forkynner Gud.

Glimt frå lysmessa 30. nov.



Inngangsprosesjon - Foto: Kjetil Rydland

Olav J. Oma

Etter at salmesongen stilna på "Salmeboka minutt for minutt", kom konfirmantane på lysmesse søndag 30.november. Dei gjekk i prosesjon, og tok imot dåpsbarnet medan vi song "La oss vandre i lyset." Seinare stilte

dei opp og prøvde seg som konfirmantkor og song "Opp gledest alle" med melodien til Odd Nordstoga, ikkje heilt lett men svært sporty. Slik enda ei flott helg.



Konfirmantkor - Foto: Torbjørn Hovland

Ein japansk prest i Fitjar

Etter over 7 år i teneste som kyrkjelydsprest i Fitjar tek Nobukazu Imazu i februar til med sitt kall som kapellan i Olsvik kyrkje i Bergen.

Anne Hardeland

Han kom til Fitjar frå stillinga som pastor/kyrkjelydsarbeidar i Ørsta der han mest hadde med eldre menneske å gjera, og vart litt skeptisk då han hørde han skulle arbeida hovudsakeleg som ungdomsprest her. Men det viste seg å vera svært givande, og dei to åra han hadde tenkt seg, vart etter kvart til sju.

Kallet til å verta prest fekk han på ei reise i Russland i 1993. Der besøkte han eit kloster grunnlagt av munken St. Sergij Radonezjskij, ein audmjuk munk som levde eit radikalt liv for Gud og menneska. Dette gjorde sterkt inntrykk på Nobu, som tidlegare på året var blitt døypt som kristen i heimlandet Japan, og han bad Gud om eit svar på kva han skulle bruka livet sitt til. Svaret han fekk var at han skulle bli misjonær. Han reiste til Noreg for å gå eit år på folkehøgskule i 1994 og kom attende i 1998 for å studera teologi. «No er eg ein japansk misjonær i Norge», seier han.

Nobu er glad i friluftsliv, og på Fitjar har han hatt høve til både fjellturar og kajakkpadling. Det siste har han integrert i ungdomsarbeidet sitt, og det er mange som har vore på kurs hos han. Han har lagt ned eit stort arbeid med KRIK og har fått sær god kontakt med nokre av leiarane der. Energi hentar han gjennom friluftsliv, tidebøner og samtalar med gode kristne. Konfirmantundervisninga har også gitt han mykje. «Det er så fint å møte tidlegare konfirmantar på gata eller i butikken og få høyra at dei saknar konfirmasjonstida si. Eg opplever respekt frå dei framleis» fortel han. Han har også fått kritikk frå årets kull for at han flyttar før han har konfirmert dei.

I fjor sommar på ein Bretur opplevde Nobu å falla ned i ein bresprekk, og han trudde ei stund at han skulle døy. Etter det tenkte han mykje på at no måtte han bruka livet sitt godt,




Foto: Aslaug Ottestad

og det førde til ei ny religiøs oppvakning hos han. Han ville søkja attende til kristendommen sine djupe, åndelege røter, og oppsøkte etter kvart mange retreatstader, kyrkjer og klostre i inn og utland der han har samtalt med erfarne åndelege veiledarar. Tverrkyrkjeleg samarbeid er han svært oppteken av. «Eg opplever meg som trygt forankra i den lutherske trua, samstundes trur eg me har ein del å læra av dei andre tradisjonane,» seier han. Han opplever at hjå oss er fokus ofte på at trua set i hovudet, men me treng også å få med hjarta. Særskilt når det gjeld bønner og det å lesa skriftene med hjarta er det viktig, ikkje berre analysa og vurderer. Livet med Jesus må få prega heile livet vårt. Det må verta ein livsstil.

Det siste året har det blitt arrangert kveldsbøn (stille kveldar) i kyrkja. Nobu set stor pris på denne måten å få stillhet i kvardagen, tid til å reflektera over livet sitt. Det er eit godt høve til gjennom musikk, bøn og stillhet å få tilbringa tid i lag med Gud.

Kyrkjelydspresten seier han har hatt ei fin tid på Fitjar og kjem til å sakna bygda, men no treng han å gjera noko nytt. Forandring er viktig for han. Han har blitt kjent med mange hyggelege folk her og har mange han gjerne vil takka for samarbeidet. Det fører for langt å nemna alle, men særskilt soknepresten og dei tilsette på kyrkjekontoret, redaksjonen i Kyrkjebladet og dei mange han har møtt i

andre kyrkjelege samanhengar har han sett pris på å samarbeida med. Han er også blitt glad i «dei fargerike damene på rådhuset». «Her har eg hatt stor glede av humor og samvær med ordførar Wenche Tislevoll og kultursjef Bente Bjelland som har vore ei viktig støtte for meg i arbeidet», seier Nobu.

No er han klar for å finna si oppgåve i kyrkjelyden i Olsvik som han har høyrte mykje godt om. Han er oppteken av å sjå arbeidet som teneste, slik Jesus også gjorde. Og han vonar å få utvikla seg vidare som teolog og få fleire å dela sine teologiske tankar med.

Me vil få takka Nobu for alt det verdfulle han har gitt oss desse åra på Fitjar, både åndeleg og praktisk i mange settingar. Som ungdomsprest har han

makta å møte ungdomane der dei er og gitt dei omsorg og varme, humor og latter. Og han har tydeleggjort evangeliet gjennom å ta i bruk bilete på mange plan som dei forstår.

Frå februar av er det Olsvik kyrkjelyd som får glede av hans kunnskapar og audmjuke innstilling til livet og tenesta. Mange kjem til å sakna Nobu i Fitjar, men me ønskjer han all lukke og Guds velsigning med i hans nye gjerning.



Nobu, saman med Marlin Tislevoll, Amalie Henriksen, Thomas S. Koløen og Magnus Helland

Foto: Arnt Helland

Takk til Nobu

Som de ser ein annan stad i kyrkjebladet har Nobu teke imot ein stilling som kapellan i Olsvik sokn, og dette inneber at Nobu sluttar som kyrkjelydsprest hos oss.

Me i Fitjar sokneråd/fellesråd vil retta ein stor takk til Nobu for det store arbeidet han har lagt ned i kyrkjelyden vår. Særleg vil me framheva den flotte kontakten han har hatt med konfirmantane/ungdommane i bygda vår! Han vil nok bli hugsa som "padlepresten", og det er nok mange som vil sakna dei flotte padleturane dei har hatt saman med Nobu!

Siste gudsteneste som Nobu deltek på blir søndag 4. januar, og rett etter gudstenesta vert det avskjedsfest i kyrkja med pizza og kaffi/kaker! Håper mange blir med på dette!

KVA NO?

Fitjar sokneråd/ fellesråd arbeider no med å finna ut kvar vegen går vidare i forhold til

oppgåver og medarbeidarar i kyrkjelyden vår.

Kyrkjelyden vår har hatt kyrkjelydsprest (delvis finansiert ved innsamla midlar, gjevarteneste m.m.) i tillegg til sokneprest i over 20 år.

Ein medarbeidar sluttar, og me må tenka gjennom kva kyrkja treng i åra framover. Kva oppgåver skal me prioritera: song/musikk, diakoni, ungdomsarbeid, undervisning? Soknerådet/fellesrådet er open for innspel! Ta kontakt med nokon av oss i råda viss du har synspunkt på dette!

Med ynskje om ei god og velsigna adventstid!

Rasmus Fitjar (Leiar fellesrådet)
Torunn K. Aarskog (Leiar soknerådet)



Det nye orgelet i Fitjar kyrkje



Ingrid Vestbøstad kom til kyrkja med flott gåve frå Sparebanken Vest som vart lagt på orgelpipa, der alle kan leggja gåver til nytt orgel i kyrkja.

Harald Rydland

Arbeidet med å få på plass nytt orgel i kyrkja til 150-årsjubileet i 2017 er godt i gang. Kommunestyret har vore rause og løyvt kr. 3,5 mill. til prosjektet, ein sum som gjer at me vil få på plass eit førsteklasses instrument. Første runden av anbudsprosessen er avslutta. Over nyttår kjem dei dugande orgelbyggerane som er plukka ut til å vera med vidare til Fitjar kyrkje på synfaring. Etter det vert det skrive kontrakt med det orgelbyggeriet som har det beste tilbodet.

Komiteen som skal styra innsamlinga av summen på kr. 1 mill. som kyrkjelyden sjølv skal skaffa til orgelet, er og i gang med arbeidet sitt. Det er oppretta eigen bankkonto (3520 64 83812) for gåver til orgelet, og ei staseleg sparebøsse er kommen på plass bak i kyrkja. Ingrid Vestbøstad var for litt sidan oppom i kyrkja og putta eit gåvebrev

på kr. 20.000 frå Sparebanken Vest oppi bøssa. Ingrid vil gjerne oppmoda resten av næringslivet til å støtta denne gode saka. Innsamlingskomiteen vil setja skikkeleg trykk på arbeidet sitt når kontrakten med orgelbyggjar er skriven utpå vinteren ein gang.

Dersom du har gode idear eller på andre måtar vil gje støtte til nytt orgel i Fitjar kyrkje kan du ta kontakt med ein av medlemane i innsamlingskomiteen som er: Nils Ingmar Hageberg (leiar), Bjørg Tislevoll, Åsmund Sørfonn, Lilli Ann Drønen og Ole Christian Ottestad.



Treff fjorårskonfirmantar!

Birgitte Brenne

Ein mørk torsdagskveld var lysa tent på alteret. Framfor alterringen var det lagt puter og pledd i ein ring, og i sakristiet stod kakaoen på plata og heldt varmen. Etter kvart som klokka nærma seg sju, kom fjorårskonfirmantar ramlande inn døra. Dei var i godt humør, og viste glede ved å vere spesielt

invitert tilbake i kyrkja. Gjennom Kristuskransen og liturgi fekk me dele tankar, spørsmål, bønner, dikt og gode ord. Stemninga kan skildrast som lett, men seriøs. Det er og liten tvil om at stemninga steig nokre hakk når me henta ut kakaoen og dei varme bollane. Dette freistar til gjentaking!



2-årssamling

Birgitte Brenne

Over to ettermiddagar var ein liten gjeng med toåringar i følgje med vaksen samla på kyrkjeloftet for å syngje og kose seg saman. Nokre av dei var litt sjenerte og forsiktige når dei kom til kyrkja, men dette kom seg fort. Me song både kjente og kjære barnesongar, som "Når det stormer" og "Eg er trygg hos deg", og nyare songar som "Hønemor" og "Bom chicka bom". Dei likte spesielt godt å syngje om lammet Krølle, lammet som gjetaren ikkje fann, og rope på det heilt til me fann det. Det var mjukt og godt å kose med! Grove kjeks med brunost og kvitost, saman med litt druer, var akkurat passe sunne nok til å fungere som ein forrett til kveldsmaten. Når me hadde sunge "Kjære Gud, eg har det godt", var borna klare for å ta kvelden. Dei var på ein time blitt så varm i trøya, at kyrkjelydspedagogen vart varm om hjarta då ho fekk fleire god-natt-klemmar på veg ut døra.

Adventsamling

Birgitte Brenne

Fleire av treåringane hadde gleða seg LENGE til adventsamlinga. Det var kjempespenninga å få brev i posten, og no skulle dei endeleg få komma i kyrkja på besøk. I brevet stod det at dei skulle få både peparkaker og kakao, men dette måtte dei og vente på! Me starta samlinga med å syngje litt saman. Så snakka me saman om fargen lilla og at det betydde å vente. Me byta klede på alteret, tente lys på adventsstaken, og me fortalte juleevangeliet saman. Då fekk dei hjelpe til med å flytte på dei store figurane av både Josef, Maria (med Jesusbarnet i armane) gjetarar, vise menn og sauer. Då var ventetida over, og på kyrkjeloftet lokka kakao og peparkakene. Etter litt påfyll, fekk dei pynte fyrstikkeske med lilla filt og pynt, som glitra slik Betlehemsstjerna gjorde då Jesus vart fødd. Det var takksame foreldre og besteforeldre, som etter at me saman bad "Kjære Gud, ta handa mi", tok med seg treåringen ut i vinterkulda igjen.

BABYSONGKURS

For babyar mellom 0 og 15 månader
saman med ein Vaksen
På Fitjar bedehus onsdagar
Kl. 10.30 - 12.00



songstund
nistemåltid
leik og drøs



Datoar Våren 2015:
7. januar, 21. januar,
4. februar, 18. februar,
4. mars, 18. mars,
8. april, 22. april



Etter songstunda vert det felles nistemåltid.
Me serverer kaffi, te og saft.
Ta med niste, kopp, gulpeklut og tøflar.

NB ! Påmelding innan 3/1-15 og evt. spørsmål kan
rettast til Helga Rimmereid tlf. 975 28 001 eller
Astrid K. Prestbø 976 25 833.

Pris kr. 150,- inkl. CD og enkelt songhefte

VELKOMEN !!

Arr. Fitjar sokneråd

Nytt frå soknerådet

No går me snart inn i eit nytt kyrkjeår, og kan sjå
tilbake på ein god og innhaldsrik haust i Fitjar
kyrkjelyd.


Torunn K. Aarskog, soknerådsleiar

Prøveprosjektet med **Kyrkjemiddag** på bedehuset før
øving i Fitjar barnegospel har vore ein stor suksess
med over 90 deltakarar siste gong. Så dette tiltaket
vil me fortsetja med til våren i samarbeid med
elevbedrifta på Fitjar vidaregåande skule. Me kjem
tilbake til datoar!

Fitjar sokneråd vil invitara til **samtalegruppe med
Alphapreg for fitjarbuuarar av utanlandsk opphav**
i Fitjar kyrkje måndag 12. januar og måndag 16.
februar. Informer gjerne folk de har kontakt med
om dette! Elles vert det **kyrkjelydsfest** 1. februar,
seminardag 28. februar og **påskemåltid** 22. mars.
Kyrkjelydsweekenden til Helgatun blir 10. - 12.april,
så sett av helga allereie no!

Me er takksame for flotte temakvelder i haust og ser
fram til nye opplevingar til våren!

Med ynskje om ei velsigna adventstid i heim og
kyrkje!



Julekonsert
MARIANNE JUVIK SÆBO
PIANIST: TERJE KLEPPE

FITJAR KYRKJE
ONS. 17. DES. KL. 19.00
OSTERNES MANSKOR



Bill. v dæren. Voksne kr. 200,- Barn kr. 100,- Innsamling til misjonutengrensers julepakke-aksjon



Solveig Siren Barbro

Solveig Leithaug * Siren Gode * Barbro Wiig Sulebakk

Fitjar kyrkje
Torsdag 29. Januar kl. 19.30

Velkommen til ein varm, musikalsk og gripande kveld.

Arr.: Temakveldgruppa /Fitjar Sokneråd
Bill.: kr. 200,- (ved inngang)

Program for bedehusa

DÅFJORD BEDEHUS

- 06.12. kl. 16.00 Juleavslutning Laurdagstreff
29.12. kl. 17.00 Julafest
31.01. kl. 16.00 Laurdagstreff med besøk av
Sunnhordlandaksjonen
21.02. kl. 16.00 Laurdagstreff

ØVREBYGDA BEDEHUS

- 14.12. kl.19.30 Søndagsmøte
28.12. kl.16.00 Julafest (Øvrebygda skule)
11.01. kl. 19.30 Søndagsmøte
18.01. kl. 19.30 Søndagsmøte
25.01. kl. 16.00 Årsmøte i ØIM
01.02. Ikkje møte
05.02. kl. 19.30 Møte v/ Olav Eikemo
06.02. kl. 19.30 Møte v/ Olav Eikemo
08.02. kl. 19.30 Møte v/ Olav Eikemo
13.-15.02. kl. 19.30 Finnmarksmøter
v/Håkon Garvo
18.-22.02. kl. 19.30 Møter v/Marit Stokken

STRANDA BEDEHUS

- 25.01. kl. 17.00 Sunnhordlandsaksjonen NMS

OSTERNES BEDEHUS

- 14.12. kl. 10.00 Advent frukost
14.12. kl. 11.00 Gudsteneste
03.01. kl. 19.00 Julefest
14.01. kl. 19.30 Møte indremisjonen
15.01. kl. 19.30 Møte indremisjonen
16.01. kl. 19.30 Møte indremisjonen
25.01. kl. 19.00 Sunnhordlandsaksjonen NMS
14.02. kl. 19.30 Bedehusbasaren
27.02. kl. 19.30 Song og musikk møte

FITJAR BEDEHUS

- 22.12. 16.00 Me syng jula inn
28.12. 19.00 Julefest - tale v/Liv Rolfsnes
30.12. 17.00 Julefest Søndagsskulen

Sjå meir på www.fitjar-bedehus.no

Nobu si avslutningsgudsteneste

4. januar kl. 11.00 i Fitjar kyrkje

Vi tek avskil med Nobu.
Etter gudstenesta blir det fest for han,
med talar, kaker og pizza.

Bli med!

KodeB

Hadde du det kjekt på Lys vaken? No kan du få vere med på endå eit arrangement... Det heiter Kode B. Det vert fire samlingar og ei gudsteneste i januar/februar. Følg med, så får du meir informasjon når det nærmar seg.

Småbarnstreff

Oppstart etter jul:

onsdag 7. januar kl. 10.30 - 12.00
på Fitjar bedehus

Velkomen til songstund, nistemåltid og leik,
alle som er heime med ungar under skulealder!

Ta med tøflar, niste og kopp.

Velkomen!

Foreldremøte for konfirmantane

11. januar etter gudstenesta.

Velkomen!

Fitjar søndagsskule

Oppstart etter jul:

Søndag 11. januar kl. 11.00 på Fitjar bedehus.
Bibelforteljing, song og aktivitetar.
Tre grupper, delt inn etter alder.

Velkomen!

JULEFEST

for små og store på Fitjar Bedehus

tysdag 30. desember kl. 17.00

Søndagsskulen, med søndagsskuleungane,
Bibelagentane og Bibelgjengen deltek

Andakt ved Bjørg Marit Notland

Servering av enkel skjevemat og kaffimat

Juletregong, akkompagnert av messingblåsarar
Kollekt

ALLE ER VELKOMNE !!!



EL-PROFFEN
 www.los-elektro.no
 firmapost@los-elektro.no
 53 42 21 00



J. FJELDTVEDT AS
 DØR & VINDUSFABRIKK
 Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80
 Internett: www.mestervindu.no

www.veterinaerslettebo.no



Ring for timebestilling
 53 22 23 30 /
 92 22 31 47

Åpningstider:
 man-tor: 9.00-16.00
 tir: 18.00-20.00



VETERINÆR SLETTEBØ AS



ALTIMEK
 FITJAR
 95871570 HANS

GSE SANDVIK AS
 55 60 18 20



**FITJAR
 Sjø og Camping**

Din Catering leverandør

Telefon:
 41 42 80 38 (Randi)
 E-post:
 fitjarcamping@haugnett.no

VAREHUSET *Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar*
RYDLAND **EURONICS** **lagmøbler**
 lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.
 53 49 73 07
 53 49 73 09 www.rydland.as post@rydland.as

joker
 - Rydland 53 49 74 40

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:
 Man-tys-fre: 9-16
 Ons-tor: 9-18
 Laurdag: 10-14
 Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER
 Mån, tirs, fre: 9-16
 Ons, tors: 9-18
 Laur (kun drop-in): 10-13

*Fiks frisyren
 hos oss!*

Treff oss i 2. etg
 i Larsen bygget **53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK
 FORSKALING**

TLF:
 916 46 123



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS
 Vestbøstad - 5419 Fitjar
 90 12 02 81



WWW.FITJARSOAP.NO

TELEFON: 41 27 03 21
 POSTBOKS 11, 5418 FITJAR
 FITJARSJØEN 12, 5419 FITJAR



STEINGARD AS
 Postboks 11, 5418 FITJAR
 Telefon 916 67961

SJØTROLL

Sjøtroll Havbruk AS
 Vestbøstad - 5419 Fitjar
 919 11 800

Vesthaugane

www.rasmusfitjar.no
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
 975 02381



Visningsenter
 Mobilnr: 951 89950

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>



53 45 72 00

53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS

Ole Kvernenes Båtbyggeri A/S

NYBYGG –
REPARASJONAR –
MONTERING.



SLIPP INNTIL 80 FOT

Tlf. 534 97187 – 5419 Fitjar

SPAR



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61

VB

VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15

Videoen Kiosk



Fitjar FJORDHOTELL

Tlf. 53 45 77 00

Vågen's kro

48 04 19 09



Engevik & Tislevoll a.s

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



Aarskog Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

ODDVAR VOLDEN

Transport – Kraning

5419 Fitjar

Tlf. 53497466 – mob 908 42414



AUTO SERVICE AS

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

Kirkens SOS



 SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60

Visjonen til Bjørgvin bispedøme er: Saman vil vi ære Den treeinige Gud ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd.



Døypete



Vigde



Jordfeste

16. november

Tuva Hestenes

30. november

Eva Sandvik Magnussen

Erling Dalen

f: 09.04.1930 d: 22.11.2014

Jenny Raunholm

f: 01.01.1926 d: 27.11.2014



Gudstenesteliste:

10.12 onsdag	kl. 20.00	Fitjar kyrkje, kveldsbøn.
14.12 3 søn i advent	kl. 11.00	Osternes bedehus, familiegudsteneste ved Oma, takkoffer til Osternes bedehus
	kl. 18.00	Fitjar kyrkje, julekonsert
17.12 Onsdag	kl. 19.00	Fitjar kyrkje, konsert med Marianne Juvik Sæbø.
21.12 4 søn i advent	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, høgmesse ved Oma.
24.12 julaftan	kl. 14.30	Fitjar kyrkje, gudsteneste ved Imazu, takkoffer til Kirkens nødhjelp.
	kl. 16.00	Fitjar kyrkje, gudsteneste ved Imazu, takkoffer til Kirkens nødhjelp.
25.12 juledag	kl. 12.00	Fitjar kyrkje, høgtidsgudsteneste ved Oma, takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt, Osternes mannskor.
26.12 Stefanusdag	kl. 11.00	Øvrebygda bedehus, høgmesse ved Imazu, takkoffer til Øvrebygda bedehus.
31.12 Nyårsaftan	kl. 23.00	Fitjar kyrkje, gudsteneste ved Imazu.
01.01 Nyårsdag	kl. 12.00	Fitjar kyrkje, høgmesse ved Imazu, takkoffer til lutherske kirke i Jordan.
04.01 Kr. openbering	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, høgmesse ved Oma og Imazu, takkoffer til Sjømannsmisjonen. Fest for Nobu etter gudstenesta.
11.01 2 søn i Kr. op	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer til KRIK Fitjar. Foreldremøte for konfirmantane etter gudstenesta.
18.01 3 søn i Kr. op	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste bornas misjonsdag, takkoffer til NMS Sunnhordalandsaksjonen.
25.01 4 søn i Kr. op	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer til Stefanusalliansen.
26.01 Torsdag	kl. 19.30	Fitjar kyrkje, temakveld konsert "Sommerfuglvinger" med Barbro Wiig Sulebakk, Siren Godø og Solveig Leithaug.
01.02 Såm	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer til Bibelselskapet.
08.02 Kr for	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste med Kode B ved Oma, takkoffer til bibelmisjonsarbeidet i Egypt.
15.02 Fastelavn	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
19.02 Torsdag	kl. 19.30	Fitjar kyrkje, temakveld med Stein Husebø.
22.02 1 søn i faste	kl. 11.00	Fitjar kyrkje, hovudgudsteneste ved Oma, takkoffer til Normisjon